

Breiband på sprit



METANOL OG BRENSCELLE: Gunnar Reindal Øverland, Mikkel Aanderaa og Jan Vidar Holte tar ein siste sjekk på apparaturen før turen til Ripilen. FOTO: JOHN STRAUME

Gunnar Reindal Øverland i Froland er avhengig av å bruke data-kommunikasjon i bedrifta si. Nå får han breiband på sprit.

John Straume
john.straume@varden.no

TOKKE Det er det vesle selskapet Radiolink Telemark som påtar seg oppdrag med å føre fram breiband til stader der ingen skulle tru. Og i alle fall ikkje vil finne det rekningssvarende å bygge ut.

Men Mikkel Aanderaa frå Seljord og Jan Vidar Holte frå Rauland bygger master, set opp solcellepanel og vindmøller som skaffar straum nok til å drifte trådløst breiband til grender der det bur folk – men ikkje så mange.

Avhengig av breiband

Gunnar Reindal Øverland er ein av fire breibandbrukarar i Froland i Tokke. Han har drive verkstad og sal av snøskuterar i fem år.

Han minnest tida med ustabil nettsamband på ISDN. Det er over 7 kilometer til sentralen og linenettet er ikkje godt nok til datakommunikasjon. Han minnest godt tidkrevjande nedlastingar av delekatalogar og brøt i sambandet når rekningar skulle betalast på nettbanken.

Trådløst breiband var saken. Mikkel Aanderaa og Jan Vidar Holte kjenner det meste av fjelltoppar i Vest-Telemark frå tid med nærradiosending og montering av sendarar.

Stasjonen på Ripilen

Froland blei ein av nettstadene til Radiolink. Oppe på Ripilen, den sagnomsuste plassen, blei staden for ny teknikk. Men på den gamle fjellgarden finst det ikkje straum. Løysinga var sol-

celler i kombinasjon med vindmølle og batteri.

– Men, fortel Mikkel, så opplever me at i den mørke årstida er det ikkje ljøs nok til at solcellene gjer ladejobben. Og Ripilen ligg ikkje ved kysten. Difor er det heller ikkje vind nok. På det mørkaste og kaldaste på vinteren måtte karane til Ripilen for å skifte flate batteri.

Spriten blei løysinga

Slik kunne det ikkje halde på. Ute på nettet kom me over løysinga. Den nye teknologien er ein kombinasjon av sprit, brenselcelle og batteri. Ein dunk på 28 liter metanolsprit, ei brenselcelle som utviklar straum når metanol og oksygen kjem saman. Reaksjonen som skjer er at det gjennom ein kjemisk prosess blir produsert straum og skilt ut vatn. Dette er fyrste anlegget i sitt slag som driftar breiband.

Straumen er tilstrekkeleg til å halda breibandet til Froland

oppe vinterstid, fortel Aanderaa og Holte. Heile stasen kostar 35.000 kroner.

Denne veka blei sprit, batteri og brenselcelle frakta til Ripilen og sett i drift. Karane er spente på framtida for breibandet i Froland.

Tenker nytt

Radiolink er ikkje store på kundar, men me er grusom gode på å drive utradisjonelt, smiler dei to. Radiolink har stasjonar i Ordal, Møsstrand, Fjellgardane, Birtedalen, Rust og ein på sprit i Froland. Stasjonen i Ordal er størst med sine 15 kundar.

– Me har faktisk tre brukarar som har vore med i Steinar Brusaset sine program. Det er Argehovd, Kvipst og Skáli. Truleg blir det fleire, seier Mikkel Aanderaa og Jan Vidar Holte i det dei lesser på skuteren for å kjøre sprit og brenselcelle opp til batteria og sendaren på Ripilen øvst i Tokke.